



Lerøy Vest - Søknad om MTB 3 120 tonn, ved lokalitet Skår Tysnes kommune - vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiing § 10

Etter forskrift om konsekvensutgreiing vedlegg II bokstav f) faller akvakultur innanfor tiltak etter anna lovverk, og det inneber ei eiga vurdering etter forskrifta §10 - Eigenskapar ved tiltaket bokstav a) - d), samt lokalisering og påverknad på omgjevnadane omfattar ei vurdering av om planen eller tiltaket kan medføra eller koma i konflikt med: bokstav a) - g)

Eigenskapar ved planen eller tiltaket omfattar:

- a) **Størrelse, planområde og utforming** - Arealet der tiltaket er søkt, er satt av til Akvakultur i Tysnes kommune sin arealdel til kommuneplanen. Søknaden om å leggja eit akvakulturanlegg her er derfor i tråd med planen.
- b) **Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vann og biologiske ressursar.** - Søknaden inneber bruk av areal, men det omsøkte tiltaket beslaglegg ein mindre del av område satt av til Akvakultur.
- c) **Avfallsproduksjon og utslepp.** - Produksjon av akvakulturdyr vil gje utslepp til omkringliggjande miljø, dette vert godkjent gjennom utsleppsløyve frå Statsforvaltaren og overvaka av Fiskeridirektoratet gjennom MOM-B og C undersøkingar
- d) **Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar.** - Dette vert vurdert av dei ulike sektormyndigheitene når arealet vart avsett til Akvakultur og under vurderinga av søknaden, men vi kan ikkje sjå at denne risikoen er stor.

Lokalisering og påverknad på omgjevningen omfattar ei vurdering av om planen eller tiltaket kan medføra eller koma i konflikt med:

- a) **Verneområde etter naturmangfaldlova kapittel V eller markalova § 11, utalte naturtypar (naturmangfaldlova kapittel VI), prioriterte artar, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar og laksevassdrag, objekta, områder og kulturmiljø freda etter kulturminnelova.** Tiltaket er søkt etablert inne i område satt av til Akvakultur i arealdel til kommuneplanen for Tysnes kommune og vi ser derfor ikkje at tiltaket det vert søkt om kjem i konflikt med denne bokstav.
- b) **Trua artar eller naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljø, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar, område med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og område som er særleg viktig for friluftsliv.** I vedlegg 6.3.2 ligg rapport frå korallundersøking gjennomført 20.-21. januar 2021 av Åkerblå, der ein kartla naturmangfald med spesiell vekt på korallar. Lerøy Sjøtroll (Lerøy Vest AS og Sjøtroll Havbruk AS) har også kartlagt korallar frå lokalitet Kyrholmen ved Korsfjorden, sørover Bjørnafjorden/ Langenuen til Hestabyneset Tysnes kommune. Her finn vi store mengder korallar til tross for ein høg produksjon av laks og aure i området. Vi finn også raudlisteartar ved lokalitet Skår, til tross for at her har vært

LERØY VEST

Skipavika 54,
N-5397 Bekkjærвик, Norway

Phone + 47 91 91 18 00
Foretaksregisteret/VAT NO 886 813 082 MVA

Email firmapost@sjotro11.no
leroyseafood.com

produksjon av laks i åra 2008 - 2015. Dei næraste registrerte kulturminna er registrert på land ved Hodnanes. Det er ingen samisk aktivitet i området og tiltaket er søkt i sjø. I dette området er også lite utbygd med bustadar og fritidsbustader og området er heller ikkje viktig for friluftsliv. Lerøy Vest meina derfor at ein produksjon ved lokalitet Skår ikkje løyse ut ein KU etter bokstav b).

c) **Statlege planretningslinjer, stalege planbestemmelsar eller regionale planbestemmelsar gitt i medhald av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr.71 eller rikspolitiske bestemmelsar eller retningslinjer gitt i medhald av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr.77.** Lerøy Vest kan ikkje sjå at det omsøkte tiltaket løyse ut ein KU etter bokstav c).

d) **Større omdisponering av områder satt av til landbruks-, natur- og friluftsliv, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd.** Tiltaket er søkt innfor AK-område på sjøen og Lerøy Vest ser ikkje at noko her kan løysa ut ein KU etter bokstav d).

e) **Auka belastning i områda der fastsette miljøkvalitetsstandardar er overskride.** Mom-B undersøkinga gjort under vedlegg 6.2.1 er frå 22.04.2015 og den fekk tilstand 1, med produksjon av siste generasjon på Skår. Lerøy Vest kan derfor ikkje sjå at dette tiltaket løyse ut ein KU etter bokstav e).

f) **Konsekvensar for innbuarane sin helse, for eksempel som følgje av vann- og luftforureining.** Lerøy Vest kan ikkje sjå at dette tiltaket vil løysa ut ein KU etter bokstav f).

g) **Vesentleg forureining eller klimautslepp.** Lerøy Vest meina at dette tiltaket går ut på ein biologisk produksjon med eit lågt fotavtrykk og at det derfor ikkje løyse ut ein KU etter bokstav g).

Ut frå Lerøy Vest sin vurdering av ovannemnde punkter, ser ikkje vi at denne søknaden om MTB 3 120 tonn for lokalitet Skår Tysnes kommune, skal løysa ut ein KU.